



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for levekår
Møtedato:	15.10.2024
Møtetid:	09:00 - -13:30
Møtestad:	Frekhaug, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Kjell Idar Vangberg	leiar	AP	
Tone-Marit Øvretveit	medlem	AP	
Dyrkolbotn			
Ida Rambech	medlem	H	
Asle Hetlebakke	medlem	KRF	
Joakim Byrknes	medlem	KRF	
Marie Mostraum	medlem	FRP	
Marius Hellan	medlem	V	
Hindenes			

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Vigdis Villanger	MEDL	SP
Jon Askeland	MEDL	SP
Matias Hatland Våge	MEDL	INP
Kari Solveig Sæthre	NESTL	SV

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
------	-------	-------	---------

Kristin Tømmermo	varamedlem	SV
Holmås		
Gunn Tove Kalnes	varamedlem	SP
Skjervheim		
Irene Stendal Østerbø	varamedlem	INP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide	Møtesekretær
Inger Marie Jordal	Tenesteleiar
Bjørn Gripsgård Knudsen	
Leni Dale	Kommunalsjef
Helge Kvam	
Eva Mikkelsen	
Randi Kvinge	
Kristin Moe	Kommunalsjef
Christian Fredrik Fotland	Kommunedirektør
Mona Cathlin Meidell-Hagewick	

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide
Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 84/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 85/24	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 86/24	Barnehage og skulebruksplan - Kommunedirektøren sitt framlegg etter andre gongs høyring	
PS 87/24	Meldingar / orienteringar til utval for levekår	
RS 21/24	Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift – Status. Orientering i møte	
PS 88/24	Prosjektforslag- samlokalisering omsorgsbustader pluss	
PS 89/24	Høyringsuttale - Rettslege rammer for samarbeid mellom helse- og omsorgstenesta og frivilligheita	
PS 90/24	Politisk møteplan 2025	

PS 84/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Utval for levekår - 15.10.2024:

Utvalsleiar la fram forslag til endring av saksliste:

PS 84/24 - PS 85/24 - PS 88/24 - PS 87/24 - RS 21/24 - PS 89/24 - PS 90/24 - PS 86/24

Endringen vart samrøystes vedteke.

Merknader:

Representantane Ida Rambech-H, Asle Hetlebakke-KRF, Marius Hindenes-V kjem med merknadar til at det er kritikkverdig at endringar i sakslista vert kjend for allmenta før utvalet har vedteke desse endringar i møte. Minnar om at slike endringar, dersom kjend tidleg, skal informerast til utvalsmedlemma før møte og vedtas i møte.

Vedtak i Utval for levekår - 15.10.2024:

Innkalling og sakslista er godkjent med merknader og endringar.

PS 85/24 Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Utval for levekår - 15.10.2024:

Vedtak i Utval for levekår - 15.10.2024:

Møteprotokoll frå 30.09.2024 er godkjent.

PS 86/24 Barnehage og skulebruksplan - Kommunedirektøren sitt framlegg etter andre gongs høyring Barnehage og skulebruksplan - Kommunedirektøren sitt framlegg etter andre gongs høyring
24.09.2024 00:00:00

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune, med dei endringar foreslått av kommunedirektør i denne saka.

Kommunestyret vedtar ei samla årleg innsparing for sektor oppvekst på 52 millionar kroner, inkludert innsparing av framtidige kapitalkostnader, fordelt på følgjande tiltak i fase 1:

Tabell 1:

År for gjennomføring	Barnehage	Årleg innsparing
August 2024	Flytte Haugen barnehage til Juvikstølen barnehage og skrive ned kapasitet	10,2 millionar kroner
August 2025	Auke kapasitet Marihøna barnehage	0,5 millionar kroner
August 2025	Effektivisere drifta Lindås barnehage	2,4 millionar kroner
August 2025	Flytte Austebygd barnehage til Bø barnehage	6,4 millionar kroner
August 2025	Samlokalisere Prestmarka barnehage i Solhall-bygget og skrive ned kapasitet	5,4 millionar kroner
Sum:		24,9 millionar kroner (heilårseffekt)

Tabell 2:

År for gjennomføring	Skule	Årleg innsparing
August 2025	Flytte Myking skule til Lindås barneskule	5,9 millionar kroner
August 2025	Flytte Austebygd skule til Hordabø skule	6,2 millionar kroner
August 2025	Flytte Kløvheim skule og Eikanger skule til Leiknes skule	15 millionar kroner
Sum:		27,1 millionar kroner (heilårseffekt)

Sum årleg innsparing fase 1, tiltak struktur barnehage og skule: **52 millionar kroner.**

Kommunestyret ber kommunedirektøren setje av ei økonomisk ramme på 12 millionar kroner til å gjennomføre tiltak ved mottakarskular, 23 millionar til investeringstiltak Prestmarka barnehage, jamfør PwC sine kalkylar, og 33,5 millionar for å rehabilitere Sæbø barnehage. Kommunestyret ber om at dette blir innarbeida i økonomiplan for 2025-2028.

Tabell 3:

Tiltak	2025	2026
Oppgradere Solhall, slik at Prestmarka barnehage får ein felles lokasjon	23 millionar kroner	
Rehabilitere Sæbø barnehage	3,5 millionar kroner	30 millionar kroner
Gjennomføre tiltak Hordabø skule	3 millionar kroner	
Gjennomføre tiltak Leiknes skule	4 millionar kroner	
Gjennomføre tiltak Lindås barneskule	5 millionar kroner	
Sum:	38,5 millionar kroner	30 millionar kroner

Kommunestyret vedtar å setje i gang arbeid med moglegheitsstudier, reguleringsplanar og konseptfase i samsvar med tilråding frå kommunedirektøren, og etter oppsett framdriftsplan for fase 2.

Tabell 4:

År for gjennomføring	Barnehage/skule
2025-2028	Vurdere 1-10 skule på Manger Reguleringsplan for Manger sentrum
2025-2029	Tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomsskule Reguleringsplan
2025-2028	Ny Meland ungdomsskule Konseptfase
2027-2029	Vurdere 1-10 skule på Lindås Reguleringsplan
2028-2029	Vurdere å flytte Vestbygd skule til Rossland (etter at ny ungdomsskule på Frekhaug står ferdig) Moglegheitsstudie
2028-2030	Vurdere 1-10 skule på Ostereidet Moglegheitsstudie

Kommunestyret vedtar å halde fram prosjektarbeidet med ny Meland ungdomsskule, i samsvar med tilråding frå kommunedirektøren. Økonomisk ramme for dette arbeidet blir lagt inn i økonomiplan for 2025-2028.

Handsaming i Utval for levekår - 15.10.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Felles framlegg frå Tone Marit Dyrkolbotn-AP, Kjell-Idar Vangberg-AP:

Levekår innstiller følgjande til Formannsskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med følgjande endringar:

Kommunestyret ber om sak ang. investering ved Sæbø barnehage før endelig avgjerd på sum vert vedtatt. Saka skal belysa behov for tiltak og rehabilitering etter nøktern økonomisk tilnærming, jamfør tabell 3 i forslag til vedtak.

Tabell 4:

Vurdera både 1-10 skule på Manger, og ny barneskule på eksisterande tomt

Vurdera både 1-10 skule på Lindås, og ny ungdomsskule på eksisterande tomt

Tillegg:

Det skal gjennomførast ein omregulering av arealformålet for dei tomtane der barnehage- og skuleverksemd blir avvika i.h.t til vedtatt barnehage- og skulebruksplan.

Det skal gjennomførast ein moglegheitsstudie om bygningsmassen kan nyttast til andre offentlege føremål.

Forslaget fekk 2 røyster og fall. Tone Marit Dyrkolbotn-AP, Kjell Idar Vangberg-AP

Framlegg frå Kristin Tømmermo Holmås-SV:

Kommunedirektøren sitt forslag med de tilleggsendringer som AP fremmer, men i tillegg med den endring at elevene fra Kløvheim og Eikanger drar til Ostereidet barneskule i stedet for Leknes.

Framlegget fekk 2 røyster og fall. Kristin Tømmermo Holmås-SV, Irene Østerbø-INP.

Felles framlegg frå Ida Rambech-H, Asle Hetlebakke-KRF, Marius Hindenes-V, Joakim Byrknes-KRF, Marie Mostraum-FRP:

Endra punkt i tabell 2:

"Flytte Kløvheim skule til Eikanger skule. Det vert ikkje sett av midlar til større bygningsmessige endringar eller nybygg no. Kommunedirektøren får i oppgåve å justera tal i barnehage- og skulebruksplanen som ein konsekvens av dette."

Ny tekst mellom tabell 3 og 4:

"Kommunestyret vedtar å setje i gang arbeid med mogelegheitsstudier og konseptfase i samsvar med tilråding frå kommunedirektøren, og etter oppsett framdriftsplan for fase 2."

Endringar i tabell 4:

"2025-2028: Vurdere 1-10-skule eller ny barneskule på Manger. Mogelegheitsstudie."

"2025-2029: Tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomsskule."

"2027-2029: Vurdere 1-10-skule på Lindås. Mogelegheitsstudie."

Ny rad 4 i tabellen:

"2025-2028: Vurdere ny skule på Eikanger/Fyllingsnes. Mogelegheitsstudie."

Nytt avsnitt, til slutt i vedtaket:

"Kommunestyret bed kommunedirektøren om å sikra tomt til ny framtidig skule på Eikanger/Fyllingsnes, og å leggja dette inn i relevante planar."

Framlegget fall med 5 røyster. Ida Rambech-H, Asle Hetlebakke-KRF, Marius Hindenes-V, Joakim Byrknes-KRF, Marie Mostraum-FRP. Ved likt røystetal i andre saker enn val, er møteleiar si røyst avgjerande, jf. kommunelova § 11-9.

Framlegg frå Gunn Tove Skjervheim-SP:

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Barnehage- og skulebruksplan for Alver kommune, med forslag foreslått av senterpartiet i denne saka. Kommunestyret vedtar ei samla årleg innsparing for sektor oppvekst på 18,5 millionar kroner, inkludert innsparing av framtidige kapitalkostnader, fordelt på følgjande tiltak i fase 1:

Tabell 1:

År for gjennomføring	Barnehage	Årleg innsparing
August 2024	Flytte Haugen barnehage til Juvikstølen barnehage og skrive ned kapasitet	10,2 millionar kroner
August 2025	Auke kapasitet Marihøna barnehage	0,5 millionar kroner
August 2025	Effektivisere drifta Lindås barnehage	2,4 millionar kroner
August 2025	Samlokalisere Prestmarka barnehage i Solhall-bygget og skrive ned kapasitet	5,4 millionar kroner
Sum:		18,5 millionar kroner

(heilårseffekt)

Kommunestyret ber kommunedirektøren sette av ei økonomisk ramme på 23 millionar til investeringstiltak Prestmarka barnehage, jamfør PwC sine kalkylar, og 33,5 millionar for å rehabilitere Sæbø barnehage. Kommunestyret ber om at dette blir innarbeida i økonomiplan for 2025-2028

Tabell 3:

Tiltak	2025	2026
Oppgradere Solhall, slik at Prestmarka barnehage får ein felles lokasjon	23 millionar kroner	
Rehabiliterer Sæbø barnehage	3,5 millionar kroner	30 millionar kroner
Sum:	28,5 millionar kroner	30 millionar kroner

Kommunestyret vedtar å sette i gang arbeid med moglegheitsstudie, reguleringsplanar og konseptfase i samsvar med tilråding frå kommunedirektøren, og etter oppsett framdriftsplan for fase 2.

Tabell 4:

År for gjennomføring	Barnehage/skule
2025-2028	Vurdere 1-10 skule på Manger Reguleringsplan for Manger sentrum
2025-2029	Tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomsskule Reguleringsplan
2025-2028	Ny Meland ungdomsskule Konseptfase
2027-2029	Vurdere 1-10 skule på Lindås Reguleringsplan
2028-2030	Vurdere 1-10 skule på Ostereidet Moglegheitsstudie

Kommunestyret vedtar å halde fram prosjektarbeidet med ny Meland ungdomsskule, i samsvar med tilråding frå kommunedirektøren. Økonomisk ramme for dette arbeidet blir lagt inn i økonomiplan for 2025-2028.

Framlegget fekk 1 røyst og fall. Gunn Tove Skjervheim-SP

Vedtak i Utval for levekår - 15.10.2024:

Levekår kjem ikkje med ei innstilling til formannskapet då ingen av forslaga fekk fleirtall.
Viser såleis til voteringa i møtet.

PS 87/24 Meldingar / orienteringar til utval for levekår

Handsaming i Utval for levekår - 15.10.2024:

Meldingar / orienteringar vert samrøystes teke til vitande.

Vedtak i Utval for levekår - 15.10.2024:

Orienteringar vert teke til vitande.

RS 21/24 Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift – Status. Orientering i møte

PS 88/24 Prosjektforslag- samlokalisering omsorgsbustader pluss Prosjektforslag- samlokalisering omsorgsbustader pluss 07.10.2024 00:00:00

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek «*Prosjektforslag for samlokalisering av omsorgsbustader pluss*» slik det ligg føre i saka. Prosjektet har ei total kostnadsramme på 63,2 mill inkl. mva. Medgåtte kostnader pr. no er 1,2 mill. 62 mill inkl. mva. blir sett av i økonomiplanperioden 2025-2028.

Finansiering:

- Mva komp 12,0 mill
- Tilskot frå Husbanken 8,5 mill
- Salsinntekter estimert til 15,0 mill
- Finansierte med lån: 27,8 mill

Handsaming i Utval for levekår - 15.10.2024:

Framlegg frå Tone Marit Dyrkolbotn-AP:

Kommunestyret vedtek «*Prosjektforslag for samlokalisering av omsorgsbustader pluss*» slik det ligg føre i saka, med følgjande vilkår: Fulldyrka jordbruksland skal erstattast med etablering på annan grunn.

Prosjektet har ei total kostnadsramme på 63,2 mill inkl. mva. Medgåtte kostnader pr. no er 1,2 mill. 62 mill inkl. mva. blir sett av i økonomiplanperioden 2025-2028.

Finansiering:

- Mva komp 12,0 mill
- Tilskot frå Husbanken 8,5 mill
- Salsinntekter estimert til 15,0 mill
- Finansierte med lån: 27,8 mill

Vilkår: Fulldyrka jordbruksland skal erstattast med etablering på annan grunn.

Tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tilleggssforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 15.10.2024:

Kommunestyret vedtek «Prosjektforslag for samlokalisering av omsorgsbustader pluss» slik det

ligg føre i saka. Prosjektet har ei total kostnadsramme på 63,2 mill inkl. mva. Medgåtte kostnader pr. no er 1,2 mill. 62 mill inkl. mva. blir sett av i økonomiplanperioden 2025-2028.

Finansiering:

- Mva komp 12,0 mill
- Tilskot frå Husbanken 8,5 mill
- Salsinntekter estimert til 15,0 mill
- Finansierte med lån: 27,8 mill

Vilkår: Fulldyrka jordbruksland skal erstattast med etablering på annan grunn.

PS 89/24 Høyringsuttale - Rettslege rammer for samarbeid mellom helse- og omsorgstenesta og frivilligheita Høyringsuttale - Rettslege rammer for samarbeid mellom helse- og omsorgstenesta og frivilligheita 07.10.2024 00:00:00

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune vedtar høyringsuttale til nytt rundskriv om «*Rettslige rammer for samarbeid mellom helse- og omsorgstjenesten og frivilligheten*», slik det er lagt fram i saka.

Handsaming i Utval for levekår - 15.10.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 15.10.2024:

Alver kommune vedtar høyringsuttale til nytt rundskriv om «*Rettslige rammer for samarbeid mellom helse- og omsorgstjenesten og frivilligheten*», slik det er lagt fram i saka.

PS 90/24 Politisk møteplan 2025 Politisk møteplan 2025 08.10.2024
00:00:00

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek politisk møteplan for 2025, som den er lagt fram til saka.

Handsaming i Utval for levekår - 15.10.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 15.10.2024:

Kommunestyret vedtek politisk møteplan for 2025, som den er lagt fram til saka.